

# Kyrkjetonar



**For eit barn er oss fødd,  
ein son er oss gjeven.  
Herreveldet er lagt på  
hans skulder.  
Han har fått namnet  
Underfull rådgjevar,  
Veldig Gud,  
Evig far, Fredsfyrste.**

Jesaja 9, 6

#### Framsidedeletet:

Nedstrand kyrkje pynta til haust-  
takkefest med noko av det naturen  
gir. foto: Ståle Hustoft



## Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni,  
september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,  
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.  
Mobiltelefon 900 26 142,  
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Ingunn Grønnestad,  
Ingrid Hustoft Landro og Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:  
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:  
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

**VIPPS-nummer: 523083**

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,  
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

### Kyrkja i Tysvær og Bokn

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og  
Nedstrand sokn**

**Telefon\*: 52 75 77 00**

**Internett: [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no)**

**E-post: [kyrkja@tysver.kommune.no](mailto:kyrkja@tysver.kommune.no)**

### Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og  
fredag, kl. 10 - 14

## Kviskreleiken

Har du leika kviskreleiken nokon  
gong? Høyrte kor fort meininga og  
nyansene forsvinn når ting vert  
gjenfortalt og tolka?

Når eg jobbar med Kyrkjetonar  
har eg same utfordring. Stadig  
fleire bilete vert tekne med  
smarttelefonar med millionvis av  
bildepunkt. Det manglar ikkje på  
nyanser i bildet, og med eit godt  
mobilkamera kan ein velga kva  
ein vil fokusera på. Utfordringa  
dukkar opp når fotografen skal  
videreformidla bildet til meg  
og Kyrkjetonar. Eit vakkert og  
nyansert bilde inne i telefonen  
mister nettopp desse kvalitetane  
på veg ut av telefonen. Om  
ein ikkje er svært bevisst  
på formidlinga, vert bildefila  
komprimert når ein sender bildet  
på e-post, messenger eller sms.

Jula står for døra. Den kristne  
høgtida som dei fleste har eit  
forhold til og kjenner innhaldet  
i. Når både sendar og mottakar  
kjenner innhaldet kan me godt  
leika kviskreleiken. Innhaldet står  
seg fordi me har same bakgrunn  
og historie .

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 23. november

Mange andre deler av den kristne  
trua er vanskelegare å formidla.  
Om eg har eit brennande hjarte  
og kjenner Guds kjærleik i mitt  
liv, men snakkar med nokon som  
har eit anna utgangspunkt, så  
kan fort kommunikasjonen gå  
i stå. Eg er kanskje blenda av  
mitt livssyn og mottakaren tolkar  
det eg seier inn i eige livssyn og  
eigne erfaringar.

Formidling må alltid vera ein  
kombinasjon av undervisning/  
preike og samtale. Dei konflikt-  
fylte og vanskelege emna i  
kristentrua hadde vore mindre  
polariserande om me snakka  
saman istadenfor å snakka til  
kvarandre. Snakka, lytta, spørja,  
forklara og forstå - det er god  
kommunikasjon.

Når eg har eit vakkert bilete på  
smarttelefonen min, eller eit  
viktig budskap om frelse, må  
eg forsikra meg om at ikkje  
nyansane og gløden forsvinn i  
formidlinga.

redaktørens hjørne



**Ti fireåringar på ein alterring:** Hugne, Wanda, Michelle,  
Emily, Adelin, Kristian, Celina, Fredrik, Nora og Carmen

## Undretur og barnebibel i Bokn kyrkje

av Merete Alvestad

**Laurdag 16.11 var to treåringar og sju  
fireåringar samla til ei hyggeleg stund i  
Bokn Kyrkje.**

66 % av 3-åringane i Bokn hadde møtt opp for å  
få boka «Kyrkja mi» og bli nærare kjende med  
kyrkjerommet. Saman med 4-åringane song dei til  
Bergfrid sitt orgelspel og lytta til Arne si andakt om  
Jesus. Me hadde eit triveleg måltid saman tilslutt.

Sundag 17.11 fekk 4-åringane Bibelen sin. Dei gjekk  
i ein nydeleg prosesjon og dekkja alteret. Heile 10  
stykker hadde møtt opp, og Bibelen vart straks teken  
i bruk.



**Sokneprest Arne Aurdal**  
Mobiltelefon: 93 415 402

**Sokneprest Dag Tormod Milje**  
Mobiltelefon: 934 15 401

**Sokneprest Gjermund Lygre**

**Kateket Ragnhild Meland**

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**

**Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus**  
mobiltelefon: 48 891 427

### Trusopplæring/Kyrkjenær

**Leiar Kyrkjenær:** Marit Sofie Teistedal Vikre  
**Medarbeidarar:**  
Nedstrand: Janne I. Eide  
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre  
Førresfjorden: Kari Undheim  
Telefon: 52 75 77 00\*

**Organistar**  
**Johannes Støle**, mob: 456 00 925  
**Bergfrid Seibt**, Tysvær kyrkje

**Kyrkjevevje**  
**Tysvær kommune:** Eva Birkeland  
Mobiltelefon: 950 51 038  
**Bokn kommune:** Jan Magne Moi  
Mobiltelefon: 913 59 668

**Kontorsekretær**  
**Katrine Eide**

**Kyrkjetenarar**  
**Tysvær sokn:**  
Kenneth Hammarqvist, 474 54 748  
**Førresfjorden sokn:**  
**Bokn sokn:**  
Odd Grønnestad, 52 74 84 03  
**Nedstrand sokn:**  
Gunn Elisabeth H. Ertenstein, 976 18 216  
**Skjoldastraumen:** Eva Keller, 936 75 972  
**Vaktmester alle bygg:**  
Steinar Sælevik, 404 84 981

# Del raust av den store gleda

av Biskop Anne Lise Ådnøy/Stavanger bispedømmekontor

Kan det bli for mykje av det gode? 'Evangelium' tyder «Godt nytt». Noko nytt har hendt i vår tid, sjølv om det er over 2000 år sidan. Det er like eineståande som at verda blei skapt. Gud blei menneske.

Nokon har borte ordet om dette fram til oss. Det starta med orda frå engelen: «Eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket».

Evangelistane vil ikkje vera nøytrale, dei vil påverka til tru. Matteus kallar Jesusbarnet Immanuel, Gud med oss. I dette namnet ligg heile juleevangeliet, både at Gud ER med oss, og at Gud er MED oss. Namnet blir ei slags programerklæring. Gud seier: Nå er eg med dykk same kva som skjer. Eit ekko av desse orda finn me i dåps- eller misjonsbefalinga, der Jesus seier: «Sjå, eg er med dykk alle dagar.»

Diktaren Heinrich Böll var ikkje nokon kyrkjeven, likevel sa han: «Eg trur at ei verd utan Kristus ville få sjølv ateistane til å lengta etter han. Kven andre kan slik som han lokka fram det beste i oss: Omsorga for det svake, trua på at det nyttar, at det går an å begynna på nytt.» «Verden var aldri helt forlatt», syng artistar, skolebarn og kyrkjelydar i førjulstida. Takk Gud for det!

Denne røyrsla starta med orda frå engelen «Eg kjem til dykk med bod om ei stor glede». Nå fører Ordet om gleda oss vidare inn i mange spørsmål og ut i kvardagane. Korleis lever me evangeliet ut, korleis deler me tru?

Nei, det kan ikkje bli for mykje av det gode! Del raust av trua. Del raust av gleda. Det du gjev, gjer deg rikare.

**Med ønske om ei velsigna julehøgtid!**

Anne Lise Ådnøy  
Biskop



VÅRE FRIVILLIGE BESVARER 500 HENVENDELSER HVERT DØGN. LIKEVEL ER DET EN AV TRE SOM IKKE FÅR SVAR.

VI TRENGER FLERE FRIVILLIGE. VIL DU BIDRA?

Se kirkens-sos.no

KIRKENS SOS

Vi er her. Alltid.

# Jul under fremmed himmel

av Steinar Høyvik

**Som guttunge født på 60 tallet med en pappa som var bonde og søndagsskulelærer, var det som om to verdener møttes når onkel Steffen kom på besøk. Steffen Lyngholm Høyvik reiste til sjøs på slutten av femtitallet og utover slutten av sekstitallet.**

Historiene utspant seg fra fjerne strøk ofte fra «Bakke båtene» til Knudsen-rederiet, som når mannskapet hadde en apekatt som kjæledegge på båten. Den fikk en noe usikker fremtid etter den klatret til topps i lastebommen med tobakkspungen til en av offiserene og drysset den utover dekk. Onkel forteller om at mange uker i sjø kunne sette både vann og mat på prøve når det gjaldt holdbarhet, vann om bord kunne se ut som det kom fra «den guleflod». «Men dokke kokte det vel?» «Var ikkje tid til sånt, men me sementvaska tankane av og til for å bøta på rustproblem,» minnes han.

Om bord på M/S Samuel Bakke, en båt bygd i tjuetåra, gjekk me med fiskemel i sekk frå Sydamerika, «det gjekk varmt i lasta og me måtte stable om, kaste sekk på sjøen for å berge oss mot brann.» Eksotiske historier for en liten Tysværbu der det skumleste til nå i livet var en fjoslem uten lys.

Et av mine første minner må likevel være knyttet til julen som treåring i 1966, når onkel Steffen kom med julepresanger. Han hadde vært i Østen med M/S Aggi, nærmere bestemt i Shanghai og under juletreet låg det batteridrevne blikkrobater som surret rundt og tok bilder, magisk i 1966 og hvertfall for en treåring, mens pappa og onkel spilte brettspill med Mølle og Damm.



**Bilde over:** Steffen mimrer med boka Gullalderen «kvinner og menn som selte i Haugesundsflåten»

«Feirte du jul på sjøen, onkel Steffen?» «Ja mange ganger» forteller han. Mannskapsfasilitetene var så som så, julaften kunne gjerne bli feiret på lugaren. «Et skifte var det likevel når jeg kom om bord på Kristiansandsbåten M/S Arabella. Den hadde dagrom, det vil si felles oppholdsrom for mannskap og mer sosialt om vi var i rom sjø eller låg oppankret på reia.»

Et godt minne fra jul under annen himmel er fra 1960 i London som sjømann tidlig i tjuetåra. Båten lå til kai med lossing av trelast. Mannskapet fikk landlov på julaften og fire unge sjømenn fant frem til sjømannskirken. Her ble de møtt med lukten av kalkun, kirken pyntet til jul og senere pakker. Men det han kanskje husker best er møtet med ikke mindre enn 182 jenter som feiret jul som studenter og aupair i London. Etter middag og pakkelek ble det etterspurt oppvaskhjelp. Guttene fra båten var ikke ukjent med oppgaven etter gjentatte vakter på båt og meldte seg. Kokka i sjømannskirka, som jobba for KFUK, syntes sjøfolkene gjorde en utmerket jobb og var ikke verre på det enn at hun 2. juledag gjorde unntak og de ble invitert til KFUK samling, som navnet tilsier var den forbeholdt det annet kjønn.

Digresjon; som på fiske kommer aldri den største fisken i båten, ei heller de beste historiene på trykk...



## 7. klassetreff

Tidleg i haust var det 7.klasse-treff i Aksdal kyrkje for alle kyrkjelydane i Bokn og Tysvær.

Alexis Lundh var med og snakka med 12-åringane om det aktuelle temaet: «Vår digitale verden.»

## Konfirmantar

Konfirmantane er godt i rute denne hausten, og møtest jamnleg i alle kyrkjelydane våre. Her ser me eit glimt frå seminardag for Bokn og Tysvær sokn i starten av semesteret.



**Bilete til venstre:** Frå trusvandring i kyrkja.  
**Bilder over:** Bli kjent-leikar og fingermaling.

## Barnebibel og 4-åringar

November er tida for utdeling av Barnebiblar og gode samlingar for 4-åringane. Her ser me glimt frå desse samlingane.

**Bilde til høgre:** Arne lesar for ei gruppe 4-åringar i Tysvær.  
**Bilde under:** Her lagar 4-åringar i Førresfjorden menighet bokmerke til Barnebibelen.



**Bilde over:** Hausttakkefest i Tysvær. Utdeling av frukt og grønnsaker på kyrkjetrappa  
**Bilde til høgre:** Bygdekvinnelaget har pynta til hausttakkefest

## Dåpsskule 2 - hausttakkefest

I kyrkjelydane har det i haust vore samlingar og gudstenester der 7-åringane har deltatt. Det vart sett fokus på alt det fine Gud har skapt, og naturen og alt det gode rundt oss som me kan takka Gud for. Me snakka om mennesket sin særskilde plass i skapinga, forvaltaransvaret for jorda, og miljøperspektivet i dette.



## Babysong

Babysongkurser er over for denne gong, men startar opp igjen til våren. Velkommen til sosiale og musikalske samlingar når me kjem over nyttår!

## Aktivitetsdag med 9-åringane

60-70 born frå Bokn og Tysvær var samla til aktivitetsdag på Stemneshagen 23.september. Tema for dagen var «Misjon.»

Gjennom undervisning og aktivitetar blei 9-åringane kjent med kva misjon er. Alle var innom tre ulike seminar i løpet av dagen. Ei gruppe padla i kajakk og spelte fotball, ei gruppe hadde formingsaktivitetar og den siste gruppa var mykje ute og lærte om livet i Mali. Her blei det feiring av Malis nasjonaldag med leik og fest. Dette blei ein flott varm haustdag!



**Bilde øverst:** Resultat frå formingsaktiviteten  
**Bilde over:** Tekoking på Malisk vis. **Bilde til venstre:** Kajakpadling



## Kyrkjevalet 9. sep. 2019

kjelde og foto: kirken.no

## Valresultat i bispedømme og sokn



### Stavanger bispedømme

#### Det nye bispedømmerådet er slik sammensatt:

Jostein Ådna, NK  
Thor Magne Seland, ÅF  
Magne Hersvik, Bø  
Therese Egebakken, NK  
Gyrid Espeland, ÅF  
Liv Heidrun Skaar Heskestad, NK  
Helene Breivik Hellerdal, ÅF  
Magne Bjåstad, representant for lek kirkelig tilsatte  
Dag Tormod Milje, representant for tilsatte prester  
Biskop Anne Lise Ådnøy

#### Valdeltakinga: 11,1 prosent av DNK-medlemmer i Rogaland.

Valresultat på dei tre ulike listene:  
- Nominasjonskomiteens liste (NK): 11.258 stemmer (39,9%)  
- Åpen folkekirke (AF): 11.102 stemmer (39,3%)  
- Bønnelista (Bø): 5.863 stemmer (20,8 %)  
- Blanke stemmesedler: 683 stemmer

### Bokn sokn:

#### Faste medlemmer

Merete Alvestad  
Rut Ingunn Grønnestad  
Ingvild Håland  
Ragnhild Trosnavåg  
May Lisbeth Bosvik Fiskaaen  
Bente Røsdal

#### Varamedlemmer:

Harry Leonard Vågshaug  
Anders Kro  
Magnar Inge Are  
Liv Alise Lie  
Heidi Aksd.

### Førresfjorden sokn

#### Faste medlemmer:

Sigmund Susort  
Liv Jorunn Frønsdal  
Kjersti Førre Halsne  
Hartvig Martin Waage  
Solveig Helene Sjø  
Meike Baumgart

#### Varamedlemmer:

Asbjørn Erdal  
Per Molland  
Magne Bernhard Østhus  
Alf Harry Øygarden

### Nedstrand sokn

#### Faste medlemmer:

Synnøve Bårdsen Lindanger  
Ståle Hustoft  
Åge Baustad  
Solveig Gunvor Selvåg  
Marit Kvalheim Heien  
Jarle Yrke

#### Varamedlemmer:

Anne Siri Haukeland  
Beate Hoftun Lindgren  
Gunvor Elisabet Sørli  
Gunn Elisabet Hellenen Ertenstein  
Leif Holgersen

### Tysvær sokn

#### Faste medlemmer:

Norfrid Helen Lønning  
Kristian Jørgensen  
Aud Elin Austerheim  
Øyvind Skogøy  
Torleif Susort

#### Varamedlemmer:

Elise Kvinnesland Høyvik  
Martin Tveit  
Kirsti Hervik  
Torill Karin Øvrebø

## Julekonsert

Skjoldastraumen kyrkje  
fredag 20. desember kl 19.00

Velkommen til julekonsert i Skjoldastraumen kyrkje. I fleire år har kyrkja samla gode songarar og musikarar i bygda for å synga jula inn. Slik også i år.

Kvelden blir kyndig leia av Johannes Støle (organist i Akسدal). Barn vil framføra mellom anna *Himmelen i min favn* og *Julekveldevisse*. Frå den vaksne generasjon deltek m.a. Nils Øie og Synnøve Bårdsen Lindanger er med på kornett. Ester og Kåre Åsheim deltek og konfirmantane sørger for lystenning. Nokre av våre kjære julesongar skal vi også synga saman.



**Bilde over:** Julekrybba i Skjoldastraumen kyrkje. Figurane er frå Mali. Alfred Leth har laga stallen og funne steinen på Svalbard med m.a. avtrykk av fossiler.

Velkommen til ei varm samling i kyrkja nær høgtida og Barnet i krybba. Kom i god tid, for gløgg vil bli servert rett før julekonserten startar.

# Himmellyset

*Himmellyset startar skine  
over stall og krybberom  
Då vår Frelsar let seg føda  
til ei verd så kald og tom.  
Lyset kom frå dette barnet  
englar song om fred på jord  
Det var få som dette visste  
at den vesle er så stor!*

*Jesus kom til denne jorda  
gjekk omkring og gjorde godt,  
sa til folket «Eg er lyset»  
lite blei det nok forstått  
Han som vaks opp midt i blant dei  
snekkerson og venn og bror  
Han er krafta frå det høge  
Han er ALT me treng på jord.*

*Dette lys som kjem frå him ´len  
det forgyller dagen min  
Om det enn er grått omkring meg  
blir det sollys i mitt sinn  
Når eg opnar bibelboka  
kan eg lesa ord frå Han  
som er skaparen av lyset  
som er til - og som er sann.*

*Dette lyset vil eg dela  
dela ut til kvar og ein  
som kun merkar mørket rundt seg  
og som er så trist og klein.  
Hugs at Jesus og er vegen  
og vil lyse der du går.  
Han er redningen i livet  
og frå han du helsing får:*

*Kom til meg om du er sliten  
om du ikkje vegen ser  
Kanskje når du heilt har gitt opp  
løfter eg deg opp og ber,  
ber deg over djupe grøfter  
held rundt deg når redd du blir.  
Støttar deg i store trengsler  
nåde, kraft og styrke gir.*



Helga Haugland Byfuglien i Aksdal kirke på Go'kveld i september 2019.

## Gode Go'kvelder i Aksdal

av Asbjørn Erdal

**Et par ganger i halvåret lager diakoniutvalget i Aksdal Go'kvelder i kirka. Det er møteplasser utenom de vanlige gudstjenestene. Der blir aktuelle kristne tema tatt opp og ofte er det musikk og kulturinnslag. Kveldene avsluttes alltid med et kveldsmåltid, så her er det påfyll både for legeme og sjel.**

Kari Espeset er med i arrangementskomiteen. Hun har mange kontakter, og det siste året har hun både fått Geir Gundersen og Helga Haugland Byfuglien med på Go'kveld. Geir Gundersen er for mange en kjent og kjær radiosstemme bl.a. gjennom radioandaktene. Han snakket om: Å våge og møtast – om møtet som mysterium.

Helga Haugland Byfuglien hadde temaet: Menigheten – et kraftsentrum. Så her fikk tilhørerne et engasjert og fint foredrag av preses, lederen, av den Norske kirke. En skikkelig Go'kveld.

Vårens inviterte gjester blir hentet fra nabokommunene. Onsdag 5. februar kommer Ester Moe fra Suldal og vil snakke om temaet: Ingen er berre det ein ser. Hun er redaktør av Suldalsposten, og mange har satt pris på radioandaktene hun har holdt.

1. april blir det salmekveld med Ole Agnar Aadland fra Ølen. Da blir det sang, musikk og mulighet for å lære noen nye salmer.

Så vel møtt til gode kvelder i Aksdal kirke til våren. Og ikke vær redd for å be med andre som vil ha litt påfyll, innblikk i et spennende tema og et godt kveldsmåltid.



Kari Espeset introduserer Geir Gundersen.

## Misjonsmesse i Skjoldastraumen

tekst: Elisabet Sande/foto: Elisabet Sande og Brit Sande Bakkevig



**Lørdag, 23. november var dagen for den årlege misjonsmessa i Straumen. Det er frivillige i Nedstrand og Skjoldastraumen som arrangerer dette til inntekt for Det norske misjonsselskap NMS**

Der var salg av ulike slag varer, småkaker, nordlandskaker, formkaker, syltetøy, epler, kristorn m.m. I kjellaren var det og gjenbrukssalg av juleting/-pynt og lys fra NMS.

Kafeen var open heile dagen med salg av risengrynsgrot og mykje godt heimebakt og kaffe. Messa opna kl 10.30. Først var det vakker sang av Soul Kids, før Svein Helge Bergfjord Tørsteinsbø hadde andakt for små og store.



Etterpå vart det sang av Aksjonskoret før salget av kaker m.m. vart opna, ca kl 11.30.

Hartvig Waage hadde og litt reklame for boka "Vingespenn", som har interessante artiklar frå heile kommunen.

Vi hadde to åresalg, eit litt "barnevennlegare" enn det andre, og hovudtrekning til slutt. I tillegg hadde vi ei lobbok som var spesielt for borna, og tombola. Mykje hadde kommt inn på loddbøkene på førehandssalg, og det vart eit flott resultat: Ca 83.000.- kroner til NMS.

Takk til ALLE som gjorde dette mogeleg, både dei som jobba og alle som har delteke på ymse vis, ved å kjøpe lodd, årar og varer.



## No gjev eg deg mi vesle hand

**Tekst: Lars Myhre / Tone: Det kimer nå til julefest.**

No gjev eg deg mi vesle hand,  
i lag me dreg til Juda land.  
Til krubbeseng i stallen trong  
me reiser no med julesong.

Mi sjel av Gud har venger fått,  
mi pilgrimsferd går difor godt,  
frå kalde nord til Davids stad  
eg fylgjer stjerna trygg og glad.

På tå eg står ved krubbeseng,  
eg seia noko ikkje treng,  
eg kysser vart det mjuke kinn,  
og så er vesle Jesus min.

Ja, min du er og skal så bli,  
eg fylgja vil deg all mi tid.  
Om synd og fall oss skilja vil,  
eg handa di vil gripa til.

Eg enno lite veit om deg,  
men, Jesus, du får læra meg,  
så eg kan fram i visdom gå  
og meir av likskap med deg få.

Så mykje kjærte på jord eg har,  
eg elsker heim med mor og far,  
men lei meg så i alle år  
at fram til himmelheim eg når.

Der får eg stetta all min trong,  
ei evig jul med frydfull song.  
Hjelp alle fram til sæla hist,  
til julefest hos Jesus Krist.





## Rom for morskjærleik

tekst: Anette Torjusen/ foto: Håvard Bjelland

**Som ein oase midt i det kaotiske sjukehuset, ligg eit lite rom med sengeplass til seks nybakte mødre. Der får dei ro, hjelp og kvile. Og kanskje augekontakt med babyen sin for aller første gong.**

Vi ser den vesle bylten med ein gong. I eit mjukt blått teppe mot den glisne plastmadrassen på senga av stål. Ein dag gamal. Mora sit bøyd over jenta si, og blir liksom aldri ferdig med å stirre. Små grynt, nokre få rørsler med hendene, før søvnen igjen tar overtak. Det er roleg, stille og berre mumling i rommet. Opnar vi døra, ser vi eit folkehav av travle legar, pasientar og pårørande.

### Viktig å følgje dei opp

Det er ikkje så rart at alle spring, for sjukehuset Melka Oda i Shasamane skal gi helsehjelp til 400.000 menneske. På for liten plass og med for få tilsette. Men eit problem er løyst, og det er kor dei skal gjere av nybakte mødre. For det var ei skikkeleg nøtt. Det var ingen ledige rom nokon stad på sjukehuset. Løysinga vart eit heilt nytt bygg midt på gardsplassen. Ikkje stort, men akkurat passe. Med støtte frå Kirkens

Nødhjelp og samarbeidspartnar Tamra.

- For to år sidan hadde ikkje kvinnene som skulle føde eller hadde født, nokon stad å vere på sjukehuset. Men takka vere samarbeidet har vi no dette rommet. Det er i bruk heile døgnet, seier doktor Hawi Kidanu. Berre i august i år vart det fødd 500 babyar ved sjukehuset.

- Det er så utruleg viktig at vi kan følgje dei opp etter fødselen. Slik at dei kjem i gang med amminga, får gitt barna vaksiner og den helsehjelpa dei treng, forklarar ho.

Sidan pågangen er så stor, kan dei berre vere der i 24 timar etter fødsel.

- Vi skulle gjerne hatt dei der lenger, men vi får gjort mykje på 24 timar. Ikkje minst fortalt dei om at vi har helsestasjon og tett oppfølging av mor og barn på sjukehuset.

**- Sjølv fekk eg ikkje utdanning, men har eit stort håp for dottera mi.**

### En helt ny start

Omringa av mor og søster, ligg 20 år gamle Fatoma Fayasa i ei av dei seks sengene. Sjølv om det korkje er laken eller pute på plastmadrassen, har familien sørgja for at ho ligg godt og mjukt.

Ho skulle eigentleg føde på ein klinikk i landsbyen der ho bur, men ein dag gamle Caaltuu hadde ingen planar om å vente. Under eit besøk hos søstera i Shashamane, byrja plutsleg fødselen. Då bar det rett til næraste sjukehus. For 46 kilometer vart for langt å reise på humpete vegar.

Eg var veldig spent på korleis det skulle gå, sidan dette er det første barnet mitt, men det gjekk så fint, smilar ho.

Mange på hennar alder har allereie fleire barn, men sjølv har ho vore nøye med prevensjon.

- No passa det bra med barn. No var vi klare for å starte ein familie, seier Fatoma, som jobbar som bonde.

Tre svangerskapskontrollar har ho vore på. Ho har vore nøye med det for å ta vare på si eiga helse og babyen i magen.

No nyt ho den første dagen som mor på sjukehuset.

- Dei tilsette på sjukehuset har vore heilt fantastiske mot meg. Dei har passa på både meg og babyen min her i dette rommet. Eg har kjent meg trygg heile tida. Ho trekk fram den første natta som spesielt viktig. For det er ikkje så enkelt å kome i gang med amminga heilt aleine.

- Eg er så glad for at eg fekk vere her med dottera mi.

Fatoma har store draumar for Caaltuu, for ho har ikkje lang skulegang sjølv. Berre fire år.

- Sjølv fekk eg ikkje utdanning, men har ei stort håp for dottera mi. Eg har alltid ønska meg meir utdanning og ville bli lege, men måtte arbeide på garden. Eg synest det er så morosamt å lære.

No er ho mor for aller første gong, og seier ho har fått tru på ei annleis framtid.

Det å ha fått ei dotter, betyr ein heilt ny start.

### Slik gir du årets viktigaste julegåve:

**Vipps** eit valfritt beløp til 2426.

Send **GAVE** på sms til 2426 og gi 200 kroner.

**Gåvekonto:** 1594.22.87248



## Vår Jul

**Nedstrand kyrkje**

**22. desember 2019, kl 19.00**

**Velkommen til ei samling før julehelga starter! Kyrkja inviterer til julekonsert slik vi har god tradisjon for.**

Kvelden blir leia av Arne Myskja som dirigerer Julekoret. Kvartetten med Åsne B Hustoft, Ingrid L Skogvold, Jorunn Sande Baustad og Ingrid H Landro vil bidra med sang godt akkompagnert av våre proffe musikarar leia av Vegard Fossum på trommer. Sølve Eggebø frå Nedstrand, nå busett i Nordland, kjem «heim til jul» og deltek på orgel saman med Oddvar Helgeland på gitar. Nyoppstytte Nedstrand hornorkester vil også delta. Saman skal vi og syngja nokre av våre kjære julesongar.

Kyrkja vil vera god og varm så når vi kjem inn frå kulde og snø, eller vind og regn.... så kan vi kjenna på lys og varme, og kjenna at julebodskapen handlar om nært fellesskap mellom himmel og jord.

*Tekst/arkivfoto: Dag Tormod Milje*



Hvordan har du det...

**EGENTLIG?**

Krisetelefon 22 40 00 40

SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)

**Kirkens SOS**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST



## Adventleir på Stemnestaden

tekst: Inger Synnøve Landro/red. foto: Kjersti H. Bjerga

**I skrivande stund pågår det adventleirar mange stader i landet, og både Solgry og Stemnestaden er godt i gong med sine. På Stemnestaden er det samla rundt 60 born og leiarar og det blir rapportert om god stemning, leik og moro og mange kule ungdomsleiarar. Her kjem ein rykande fersk leirrapport frå 2.-4.klasseleir på Stemnestaden frå Inger Synnøve Landro som allerede som tiandeklassing er ein rutinert, erfaren leirleiar:**

22-24 november var mange 2.-4.-klassingar og leiarar samla på Stemnestaden for å kose seg ei heil helg på adventsleir. Først var det innkvartering og alle fekk romleiar og romkameratar. Deretter åt me

kveldsmat. Når alle var ferdige å ete skulle alle inn i møtesalen for å ha bli-kjent-leikar og lage romskilt. Me blei delt inn i grupper og skulle f.eks. stille oss på rekke etter kor mange kjæledyr me har. Så var det kveldsmøte og Ingrid H. Landro hadde ein andakt og så sang me. Etterpå var det leggetid og alle måtte gå på romma.

Laurdagen starta tidleg med vekking kl. 8 og frokost halv 9. Så var det møte med andakt og song. Deretter hadde me juleverkstad. Der kunne me lage masse fine ting som f.eks. ispinneenglar, kort og faklar. Me hadde graut til middag og så var det på an igjen med juleverkstad og dei som ville kunne vere ute og kaste frisbee eller spele fotball. Etterkvart blei det servert frukt og vaflar i peisestova



og kiosken åpna. Etter at alle hadde fått handla ferdig hadde me sporleik før det var litt fritid før taco og is. Etter middagen hadde me festkveld med innslag både fra leiarane og deltakerane. Til slutt var det kveldssamling med bønnevandring før det var på tide å krype til køys igjen etter ein innholdsrik dag.

Ei helg på leir er gøy! Her får du nye venner, du blir kjent med kjekke ungdommar, får god mat, kjekke aktiviteter og du får bli betre kjent med Jesus og det som står i Bibelen. I tillegg til å arrangere leirar for born har Stemnestaden i fleire år drive eit verdifullt leiartreningsarbeid og det er tydeleg å sjå at leiarane både gjer ein kjempegod jobb og trivst på leir.

**Oppfordringa er klar:  
Reis på leir!**



## Eit rom for formidling

Foredrag og forteljarkunst i Nedstrand kyrkje

tekst: Bjørg Rørtveit

**Me går gjerne inn i ei kyrkje med eit ønske om å få noko: Næring for ånd og trusliv, utfordring for tanke og sinn. Noko å reflektere over, finne trøyst,- eller glede i.**

Det skjer i gudstenesta, og det skjer oftare og oftare også gjennom annan form for formidling. I november har det vore to slike gode "ladepunkt" i Nedstrand kyrkje.

5.november, som tjuvstart på bLEST Litteraturfest, kom tidlegare biskop Per Arne Dahl til oss med foredraget "Sårbarhetens kraft",

- som også er tittelen på den nyaste boka hans. Her kom han inn på styrken som kan ligge i å våge snakke sant om det vanskelege i livet, og korleis det å vise svakhet kan opne opp for viktig støtte frå andre og større medmenneskeleg nærleik. Slik kan me både bli sterkare og klokare, sjøl midt i det vanskelege.

22. november gjesta Det Vestnorske Teater v/ Ragnhild Gudbrandsen kyrkja med teatermonologen "Babettes gjestebud". Gudbrandsen skapa ei heilt spesiell atmosfære, og serverte forteljarkunst av ypparste klasse,



der dei ulike karakterane og stemningane kom levande fram. Temaet i forteljinga er toleranse, respekt, og raushet overfor det framande. Og kva som skjer med inngrodde konflikter og fordommar når me gjer det gode for kvarandre. I dette tilfellet var metaforen eit raust måltid,- men det er lett å sjå overføringsverdien til eigne liv og måten me inviterer og inkluderer på. Publikum gjekk heim litt gladare og meir reflekterte.

**Takk for besøket til begge to!**

Arrangør: Nedstrand kyrkjeforum i samarbeid med bLEST Litteraturfest og Den Vestnorske Teateret

Foto over: B. Rørtveit/ foto t.v.; Inger J .S. Monstad

### Adventsverkstad

**for heile familien  
på Vatland bedehus  
fredag 6. desember kl. 17.00**

Andakt ved Henning Liknes  
Enkel servering  
Utlodning  
Me lagar julepynt saman.

**Store og små er velkomne!**

arr: Søndagskulen og Fredagsklubben

### Julefest

**på Vatland bedehus  
3. juledag kl. 17.00**

Andakt ved Jorunn Didriksen  
Julespel  
Gong rundt juletre  
Matøkt

**Velkommen til heile familien!**

### Andre arrangement:

12. desember, kl. 18.00  
**Me syng jula inn i Bokn kyrkje**

15. desember, kl. 17.00  
**Me syng jula inn i Tysvær kyrkje**

27.desember  
**Juletefest på Soknehuset**

15. desember, kl. 19.00  
**Julekonsert med Tysvær blandakor i Aksdal kyrkje**

18. desember, kl. 18.00  
**Julekonsert med kulturskolen i Aksdal kyrkje**

28. desember, kl. 17.00  
**Juletefest på Førre bedehus**

## Preiketekstane - hausten 2019

|                              |                                 |              |                                  |
|------------------------------|---------------------------------|--------------|----------------------------------|
| Søndag 1. desember           | <b>1. søndag i adventstiden</b> | Matt 21,1-11 | Inntoget i Jerusalem             |
| Søndag 8. desember           | <b>2. søndag i adventstiden</b> | Joh 14,1-4   | Jeg vil ta dere til meg          |
| Søndag 15. desember          | <b>3. søndag i adventstiden</b> | Matt 11,2-11 | Jesus og Johannes                |
| Søndag 22. desember          | <b>4. søndag i adventstiden</b> | Luk 1,46-55  | Marias lovsang                   |
| Tirsdag 24. desember         | <b>Julaften</b>                 | Luk 2,1-20   | Jesus blir født                  |
| Tirs. 24./ ons. 25. desember | <b>Julenatt/Ottesang</b>        | Matt 1,18-25 | Josef og Jesu fødsel             |
| Onsdag 25. desember          | <b>Juledag</b>                  | Joh 1,1-14   | Ordet ble menneske               |
| Torsdag 26. desember         | <b>Stefanusdag/2. juledag</b>   | Matt 2,16-23 | Barnemordet og veien til Nasaret |
| Søndag 29. desember          | <b>Romjussøndag</b>             | Matt 2,13-15 | Flukten til Egypt                |
| Tirsdag 31. desember         | <b>Nyttårsaften</b>             | Luk 13,6-9   | Fikentreet som ikke bar frukt    |
| Onsdag 1. januar             | <b>Nyttårsdag/Jesu navnedag</b> | Luk 2,21     | Han fikk navnet Jesus            |
| Søndag 5. januar             | <b>Kristi åpenbaringsdag</b>    | Matt 2,1-12  | Vismennene hyller Jesus          |
| Søndag 12. januar            | <b>2. s. i åpenbaringstiden</b> | Matt 3,13-17 | Jesus blir døpt                  |
| Søndag 19. januar            | <b>3. s. i åpenbaringstiden</b> | Joh 2,1-11   | Bryllupet i Kana                 |
| Søndag 26. januar            | <b>4. s. i åpenbaringstiden</b> | Luk 18,35-43 | Den blinde ved Jeriko            |
| Søndag 2. februar            | <b>5. s. i åpenbaringstiden</b> | Mark 2,1-12  | Jesus og den lamme mannen        |

## Personalnytt

**Katrine Eide tok til i stillinga som administrasjonssekretær på felleskontoret i Aksdal 11. november i år.**

Katrine er utdanna journalist og har i tillegg bachelor i pedagogikk og grunnfag i kristendom. Ved sida av jobben som administrasjonssekretær på kyrkjekontoret skal ho halda fram som redaktør i Kristen Nærradio Haugaland.

Me ønskjer Katrine velkommen til teneste hos oss og ønskjer Guds rike signing over liv og teneste.



**Bilde over:** Organist Stein Johannes Kolnes har blitt pensjonist og dette blei markert i gudstjeneste i både Nedstrand og Skjoldastraumen kyrkje. På bilde har Stein Johannes fått eit saueskinn frå Nedstrand sokneråd, og blir takka av Kyrkjeverge Eva Birkeland. foto: Janne I Eide

### Stell av gravplasser i Tysvær



avdeling Vepro

Tlf: 93 21 66 79/ 52 75 88 60

**Neste nummer kjem i postkassen ca. 27. mars**

**Frist for stoff til nr 1/2020: 6. mars**

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

# Gjennom livet

## Døypte

### Førre kirke

22.09 Johannes Helgeland Tjøsvoll  
20.10 Henriette Gressgård Sverre Pedersen

### Aksdal kirke

01.09 Aron Sjøen Mikkelsen Thale Førre Hjelmervik Lukas Henriksen Haug Håkon Wiik

15.09 Linn-Kristin Sørli Ommer Pauline Kallevik Ella Jensen Bøe Leah Nesheim

29.09 Mathias Nodland Ellingsen Alva Lindanger Ingebrigtsen Ronja Dagsland Askeland Celine Elicia Sundve Filip Marvik Naomi Lygre Mosti

06.10 Sannah Eike Amdal

27.10 Isak Eliassen Odin Eliassen

10.11 Amalie Holgersen Hovland

17.11 Jonathan Stange Sophia Flakk Vedå Alva Frøyland Henrikke Frøyland

### Tysvær kyrkje

25.08 Erik Ullvang Tollaksen

08.09 Vilde Bakken Bakka

29.09 Julie Knappskog Brekke Mie Vedø-Korsnes Tuva Romseland Hølland Henrik Jensen-Søndenå

20.10 Eskild Apeland Moss

17.11 Alice Håstø

### Skjoldastraumen kyrkje

06.10 Markus Hinderaker Bakkevik Marion Søvik

### Nedstrand kyrkje

06.10 Ella Solvang Sandsgaard

### Bokn kyrkje

13.10 Marion Øvrebø Snyen

## Vigde

### Skjoldastraumen kyrkje

24.08 Ellen Gutubakken og Heine Legøy Eidsvåg

28.09 Marie Iversen og Odd Christoffer Holgersen

### Førre kirke

31.08 Iselin Jacobsen og Erik Vikingstad

31.08 Marita Wee og Glenn Larsen

05.10 Brita Andenes Haaland og Sverre Haaland

### Tysvær kyrkje

07.09 Maria Susort og Anders Skaare

## Jordfesta

### Tysvær kyrkje

30.08 Arnodd Hermod Heggland

### Skjoldastraumen kyrkje

29.08 Anne Søvik

12.09 Ingeborg Kristine Økland

18.10 Ole Andreas Lindanger

### Bisetting:

06.09 Olaug Karin Bredal

### Nedstrand kyrkje

11.10 Klara Rørtveit

15.10 Bjarne Johan Vik

22.10 Olga Helle

29.10 Ragnhild Østebø

01.11 Halvar Amdal

01.11 Terje Oddvar Smørdal

19.11 Ingrid Laurence Aaserød

21.11 Sissel Øyjord

### Bisetting:

27.09 Bjørn Jarle Nes

### Førre Kirke

13.09 John Harald Høyvik

17.10 Egil Ove Halleland

24.10 Anne-Lise Nygaard

### Bokn kyrkje

30.08 Synnøve Våge

15.11 Arne Øvrebø

# Velkommen til kyrkje



## Aksdal kyrkje

**08. desember kl. 18:00**  
Gudstjeneste

**Julaften**  
**24. desember kl. 14:30**  
Gudstjeneste

**Julaften**  
**24. desember kl. 16:00**  
Gudstjeneste

**Juledag**  
**25. desember kl. 12:00**  
Gudstjeneste

**Nyttårsaften**  
**31. desember kl. 16:00**  
Gudstjeneste

**12. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**19. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**26. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**16. februar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**23. februar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

## Tysvær kyrkje

**15. desember kl. 17:00**  
Gudstjeneste

**Julaften**  
**24. desember kl. 16:00**  
Gudstjeneste

**Juledag**  
**25. desember kl. 12:00**  
Gudstjeneste

**Nyttårsdag**  
**01. januar kl. 19:00**  
Gudstjeneste

**19. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**02. februar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**16. februar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**01. mars kl. 13:00**  
Gudstjeneste

## Skjoldastraumen kyrkje

**15. desember kl. 13:00**  
Gudstjeneste

**Julaften**  
**24. desember kl. 15:00**  
Gudstjeneste

**Andre juledag**  
**26. desember kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**05. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**19. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**09. februar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**23. februar kl. 13:00**  
Gudstjeneste

## Førre kirke

**15. desember kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**Julaften**  
**24. desember kl. 14:30**  
Gudstjeneste

**Julaften**  
**24. desember kl. 16:00**  
Gudstjeneste

**05. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**09. februar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

## Bokn kyrkje

**15. desember kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**Julaften**  
**24. desember kl. 14:00**  
Gudstjeneste

**Nyttårsaften**  
**31. desember kl. 16:00**  
Gudstjeneste

**12. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**26. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**09. februar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**23. februar kl. 13:00**  
Gudstjeneste

## Nedstrand kyrkje

**15. desember kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**Julaften**  
**24. desember kl. 16:15**  
Gudstjeneste

**Juledag**  
**25. desember kl. 12:00**  
Gudstjeneste

**Nyttårsaften**  
**31. desember kl. 18:00**  
Gudstjeneste

**12. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**26. januar kl. 11:00**  
Gudstjeneste

**09. februar kl. 13:00**  
Gudstjeneste

**23. februar kl. 11:00**  
Gudstjeneste